



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 102/6 - Vabø - flytebrygge med utriggere - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 19.11.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen og § 1-8 i plan og bygningslova for oppføring av flytebrygge.

Administrasjonen gav i vedtak datert 16.06.2021, i sak 684/21 avslag på søknad om dispensasjon for flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar i brev av 25.06.2021.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 01.09.2021, i sak 132/21. Klagen vart teke til følge og det vart gjeve dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 01.10.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.11.2021, der Utval for areal, plan og miljø sitt vedtak datert 01.09.2021 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Det er gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 09.10.2021.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Margunn Dagmar Hauge	Nipedalen 28	5164	Laksevåg
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Per Harald Hauge	Nipedalen 28	5164	LAKSEVÅG